

Strategiplan Oppvekst 2023-2029



Innholdsliste

Innleiing	2
Oppvekst i utvikling og endring	5
<i>Det store oppdraget</i>	5
<i>Demografisk utvikling</i>	6
<i>Endring og utvikling</i>	6
Satsingsområde 1: Trygge foreldre	7
<i>Mål 1: Me har 90 % deltaking på møter med foreldregrupper</i>	7
<i>Mål 2: Indikatorar i tilgjengeleg datagrunnlag syner positiv utvikling</i>	8
<i>Mål 3: Førsette tar initiativ til og bidreg inn i ulike arrangement</i>	8
Satsingsområde 2: Samhandling for førebygging og tidleg innsats	9
<i>Mål 1: Ulike profesjonar samhandlar jamleg for å utvikla forebyggande tiltak</i>	10
<i>Mål 2: SAMSON-undersøkingar viser score på 80% eller meir på dei ulike indikatorane</i>	10
<i>Mål 3: Alle elevane i Time begynner i vidaregåande opplæring eller i jobb etter 10-årig grunnskule</i>	10
Satsingsområde 3: Inkluderande samfunn	11
<i>Mål 1: Trend viser at 9 av 10 fullfører vidaregåande opplæring i perioden</i>	12
<i>Mål 2: Alle barn og unge melder at dei blir sett, høyrte og inkludert</i>	12
<i>Mål 3: 90% av deltakarane i introduksjonsprogram går ut i arbeid eller vidare skulegang</i>	12
Satsingsområde 4: Oppvekst og digitalisering	13
<i>Mål 1: Barn, unge har tilgang på gode digitale verktøy og trygg infrastruktur som er tenlege i samtida</i>	14
<i>Mål 2: Barn og unge har aldersadekvate digitale ferdigheiter i tråd med rammeplanar for barnehage og SFO, og læreplan for grunnskulen</i>	14
<i>Mål 3: Barn og unge sin kvardag i leik og læring balanserer mellom fysisk, analog og digital aktivitet</i>	14
Satsingsområde 5: Rekruttera og behalda	15
<i>Mål 1: Alle tenestene skal ha kvalifisert personell i stillingar</i>	15
<i>Mål 2: Personalutskiftinga i den enkelte verksemda er lågare enn 5% over ein periode på 3 år</i>	16
<i>Mål 3: Gjennomsnittsscore på 4,5 på medarbeidarundersøkinga (10 Faktor)</i>	16
<i>Mål 4: Fleire kvalifiserte søkarar enn stillingar</i>	16

Alle barn og unge har lyst på livet, og evne til å meistra det

Innleiing

Visjonen vår:

«Alle barn og unge i Time kommune har lyst på livet, og evne til å meistra det»

I kommunalområdet Oppvekst skal me sikra at alle barn og unge skal oppleva eit godt og inkluderande oppvekstmiljø som fremjar tryggleik, læring, trivsel og helse. Vidare skal me leggja til rette for eit godt tilbod for integrering av flyktningar.


Barn og unge er i Barnekonvensjonen art. 3 gitt ein rettigheit på at barnet sitt beste alltid skal vurderast i avgjersler og saker som får betydning for barn direkte eller indirekte. For Oppvekst er dette ein grunnleggande handlingsregel som skal dokumenterast i planverk og saksbehandling.

Verksemdene som ligg inn under kommunalområdet Oppvekst består av helsestasjonstenester med familiesenter, åtte kommunale barnehagar med ein open barnehage, seks barneskular, fire ungdomsskular, Time kulturskule, Bryne kompetansesenter, Flyktningtenesta, Barnevernteneste og Pedagogisk psykologisk teneste (PPT). Området er regulert av eit omfattande lovverk og retningslinjer som vil vera styrande for val og målsettingar. Kommunalområdet Oppvekst består av 670 årsverk fordelt på 780 tilsette, som har ansvar for tenester til barn og ungdom i aldersgruppa 0 til 20 år, flyktningar og deltakarar i vaksenopplæring.

Leveregelen i Oppvekst er:

Me gjer kvarandre gode, og me gjer det i lag

Oppvekst er eit stort og komplekst tenesteområde med mange tilsette. For å kunna jobba mot visjonen og å nå måla, er det viktig at me samarbeider og gjer arbeidet i lag. Den enkelte tilsette sin innsats er av stor betydning for heilskapen av resultatet.



hilo-buffaloes-pull-competition-1459635/

Strategiplan for Oppvekst bygger på [kommuneplanen sin samfunnsdel](#), [FN sin barnekonvensjon](#) og [berekraftsmål](#). Planen skal vera eit styringsverktøy for einingane, og gje tydeleg og definert retning mot felles mål for Oppvekst. Økonomiplanane er handlingsdelen der prioriterte tiltak i strategien vil bli innarbeidd. I planen er omgrepet *ressursar* brukt, og dette inkluderer både økonomiske og menneskelege forhold som t.d. organisering, kompetanse, tidsbruk og økonomi.

Me gjer kvarandre gode, og me gjer det i lag

Alle barn og unge har lyst på livet, og evne til å meistra det

Grunnlaget for planen er kapitla i samfunnsdelen som omhandlar **Gode kvardagsliv for alle** og **Me skal gjera det i lag**. Desse kapitla er basert på berekraftsmål nr 4 ”God utdanning” og nr 17 “Samarbeid for å nå målene”.



I strategiplanen er det valt ut fem sentrale satsingsområde frå samfunnsdelen der det innanfor kvar av desse områda er sett opp mål og tiltak:

1. Trygge foreldre
2. Samhandling for førebygging og tidleg innsats
3. Inkluderande samfunn
4. Oppvekst og digitalisering
5. Rekruttera og behalda

Time kommune ønsker å bidra til å gjera foreldre trygge ved å ha god kvalitet i grunntenestene, og tverrfagleg samskaping mellom tenester i nært samarbeid med barn og foreldre, slik at dei kan vera deltakande og medverkande.

Eit godt og inkluderande tilbod til alle barn og unge krev at dei tilsette har relevant kompetanse, at det er tilstrekkelege ressursar, og at tenestene samarbeider. Me skal ha arenaer for systematisk tverrfagleg samhandling, kor tenestene saman kan bruka sin kompetanse til å utvikla gode oppvekstvilkår i Time kommune.

Å delta og vera inkludert i samfunnet er viktige faktorar som bidreg til god livskvalitet og folkehelse. Samfunnet vårt er kjenneteikna av språkleg, kulturell- og sosioøkonomisk mangfald, som gir oss eit rikare fellesskap. Barn og unge skal oppleva å høyra til i dette fellesskapet.


Digital kompetanse blir trekt fram som ein føresetnad for å kunna delta i ulike former for læring og utdanning, og for å delta aktivt i arbeids- og samfunnsliv. Viktige ferdigheiter som barn og unge treng er evne til samarbeid, omstilling, kritisk tenking, sjølvregulering, problemløysing og kreativitet.

Tilsette i Oppvekst er nøkkelen for å sikra visjonen “Alle barn og unge har lyst på livet og evna til å meistra det”. Det er difor avgjerande at tilsette har den kompetansen som trengst for å møta og ivareta behova til barn, unge og familiane.

Me gjer kvarande gode, og me gjer det i lag

Alle barn og unge har lyst på livet, og evne til å meistra det

Organisasjonskartet syner verksemdene som ligg til tenesteområdet Oppvekst. Desse er regulert av ulike lovverk og retningslinjer.



Me gjer kvarande gode, og me gjer det i lag

Oppvekst i utvikling og endring

Tenestene i Oppvekst har som visjon at alle barn og unge har lyst på livet og evne til å meistra det. Time kommune har ca. 20 000 innbyggjarar. Halvparten av desse er i kraft av roller som barn, unge, flyktningar og føresette ein del av våre tenester. Ulike indikatorar og brukarundersøkingar syner at me har god kvalitet på mange område i tenestene våre. Endring og utvikling er ein del av normalen for våre verksemder. Det er stor grad av kunnskap og kompetanse i organisasjonen knytt til det å tilpassa og utvikla tenestetilboda. For Oppvekst er det viktig å samhandla godt med tillitsvalde og verneombod i ulike prosessar for å sikra forankring og medverknad.

Det store oppdraget

Det store oppdraget handlar om at tenestene i Oppvekst skal vera med å bidra til at våre barn og unge skal få eit godt vaksenliv med god helse og livskvalitet. Dei skal kunna forsørge seg sjølve og sin familie, og vera aktive medborgarar i samfunnet. Ein viktig føresetnad for dette er, i følgje kommunen sin [folkehelseprofil](#), gjennomføring av vidaregåande opplæring. Viktige målepunkt på om me lukkast, er i kva grad våre barn og unge går vidare inn i vidaregåande opplæring og fullfører denne innan 5 til 6 år.

Barn som blir født i 2023 vil gå ut av grunnskulen våren 2039. Dersom dei fullfører vidaregåande opplæring (VGO) vil dei tidlegast vera klare for vidare utdanning og jobb i 2042.

Det store oppdraget i Oppvekst fordrar at tenestene våre har kapasitet og kompetanse til å leggja til rette for ei utdanning og danning som gjer at den enkelte fullfører vidaregåande opplæring. På vegen fram mot tidleg vaksenliv skal dei vera del av våre tenester inntil 15 år. Dei skal vera del av fellesskap i barnehage og skule, der ulike profesjonar jobbar saman for at kvar enkelt skal trivast og utvikla sitt potensiale på sitt høgste nivå.



Foto: Vegard Hansen

Arbeidet med å innfri det store oppdraget for å sikra høg grad av gjennomføring i VGO, fordrar systematisk arbeid og samskaping på tvers av tenestene. Dei tilsette bruker tilgjengeleg data som grunnlag for å tilpassa for den enkelte og i fellesskapet. Ingen profesjonar aleine kan innfri det store oppdraget. Tverrfagleg kompetanse skal vera

Alle barn og unge har lyst på livet, og evne til å meistra det

tilgjengeleg i barn og unge sin kvardag, og skal delta i systematisk samskaping i den enkelte verksemda.

Kognitive, etiske, kritiske, digitale, sosiale og emosjonelle ferdigheiter vil få større betydning i framtida. Desse ferdigheitene påverkar kvarandre og utgjer saman ein verdifull og framtidsretta kompetanse. Slike ferdigheiter gir enkeltpersonar evner til å tilpassa seg kompetansebehov i stadig endring (*NOU 2020: Fremtidige kompetansebehov III, Læring og kompetanse i alle ledd s.13*)

Demografisk utvikling

Framskrivning av folketal viser at talet på barn og unge vil gå ned med om lag 2% fram mot 2033. I hovudsak vil reduksjonen gje utslag for barn og unge i grunnskulealder. Samtidig vil talet på innbyggjarar i aldersgruppene over grunnskulealder auka. Det aukar mest i gruppene over 67 år. Endring i flyttemønster og migrasjon vil kunna påverka endringane i folketalet.

Dei demografiske endringane vil utfordra dagens organisering av tenestene i Oppvekst og måten oppgåver blir løyst på. Det vil bli nødvendig å prøva ut nye måtar å organisera arbeidet og arbeidstida på, tilpassa struktur, bruk av teknologi, kompetanseheving og målretta bruk av kompetanse.

Utviklinga viser vidare at vi vil ha vedvarande mangel på personale og kompetanse, og difor må vi i større grad planlegga annleis og mobilisera fleire ressursar internt i eiga verksemd. Å behalda og foredra kompetansen som kommunen har i tenestene, kombinert med konkurransedyktige vilkår og rammer, vil bli avgjerande for å kunna utføra oppdraget tenestemrådet Oppvekst har.

Endring og utvikling

Mange er uroa for den negative påverknaden sosiale media (SoMe) har på barn og unge, så vel som samfunnet som heilskap, med hatefulle ytringar og falske nyheiter.

Helsestasjonstenester, barnehagar og skular har saman med føresette eit ansvar for å utvikla evna til kritisk tenking og til aktiv deltaking som medborgarar. Den digitale verkelegheita og sosiale media kan ikkje lenger sjåast på som ein avgrensa del av barn og unge sitt liv, men er ein del av den verkelegheita me alle lever i. Mange sosiale medium og streamingtenester er programmert til å gje brukaren forslag basert på søkehistorikk. [Ungdata](#) 2022 syner at 55% av ungdommen brukar meir enn 3 timar kvar dag på sosiale medium og streamingtenester.

Det enkelte barn og unge skal ha moglegheita for å oppnå sitt høgste potensial i ulike fellesskap. Me må ha kapasitet og kompetanse som gjer at barn og unge er i stand til å delta aktivt. Me vil at barn og unge skal verdsetta dugnadsånd og sjå seg sjølv som bidragsytarar i samfunnet. I fellesskap skal me utvikla våre tenester gjennom samskaping og medverknad. Medverknad skal handla om å bli høyrte, men det skal òg handla om å delta aktivt og å ta ansvar for fellesskapet.

Me gjer kvarande gode, og me gjer det i lag

Alle barn og unge har lyst på livet, og evne til å meistra det

Satsingsområde 1: Trygge foreldre

For at barna våre skal ha lyst på livet og evne til å meistra det, er det viktig å ha foreldre som investerer og engasjerer seg i barnet, og som kjenner seg trygge i foreldrerolla.

Trygge og stabile foreldre som gir god omsorg, aukar sjansen for at barn utviklar god sjølvtilitt, eit naturleg kjensleliv, gode sosiale ferdigheiter og evner til å handtera motgang.

Barn er ulike og i konstant utvikling og difor vil mange foreldre og føresette oppleva situasjonar og periodar der ein kunne tenka seg å vera betre førebudd. Dette kan handla om kunnskap om ulike fasar i barn og unge si utvikling, og kva som er klokt å ha tenkt gjennom for å møte desse på ein god måte.

Time kommune ønsker å bidra til å gjera foreldre trygge ved å ha god kvalitet i grunntenestene, tverrfagleg samskaping mellom tenester i nært samarbeid med barn og foreldre, slik at dei kan vera deltakande og medverkande.



Me gjer kvarande gode, og me gjer det i lag

Alle barn og unge har lyst på livet, og evne til å meistra det

Mål 1: Me har 90 % deltaking på møter med foreldregrupper

Tiltak:

- Bruka utarbeidd kunnskapsgrunnlag til «Trygge foreldre i Time» som grunnlag for:
 - å utarbeida ein kommunal standard for møte med foreldregrupper, der formålet er å engasjera og å ha god kommunikasjon om relevante tema
 - å utarbeida tilbod om temamøter/kompetansepakkar knytt til behova i gruppa

Mål 2: Indikatorar i tilgjengeleg datagrunnlag syner positiv utvikling

Tiltak:

- Det skal opprettast ei analysegruppe med representasjon frå heile Oppvekst. Analysegruppa skal:
 - gjennomføra ein analyse av tilgjengeleg data i tenesteområdet for å identifisera indikatorar som skal følgast over tid
 - utvikla og oppdatera felles datagrunnlag
- Verksemdene skal ha ein plan for å sikra god svarprosent på brukarundersøkingar.

Mål 3: Føresette tar initiativ til og bidreg inn i ulike arrangement

Tiltak:

- Bygga vidare på og forbetra dei digitale plattformene for kommunikasjon og informasjon, slik at det skapar engasjement.
- Verksemdene legg til rette for at alle føresette kan engasjera seg, delta og melda inn forslag som kan gjennomførast.
- Verksemdene har årshjul der det framgår faste arrangement i regi av foreldrerepresentantane.

I Satsingsområde 2: Samhandling for førebygging og tidleg innsats

Gode tenester kan vera avgjerande for at barn og unge får ein god oppvekst, samtidig som det betyr mykje for barnet sine moglegheiter vidare i livet. Å gje alle barn og unge eit likeverdig tilbod med god kvalitet, er derfor noko av det viktigaste me kan gjera som samfunn.

Barn og unge i Time kommune skal få like moglegheiter til utvikling og meistring ut frå sine føresetnader. Førebygging og tidleg innsats handlar om gode grunntenester og arenaer kor barn og unge kan utfalda seg. Våre tenester skal bidra til at alle er inkludert og har sin plass i fellesskapet. Me skal bidra til ein god barndom her og nå, leggja grunnlaget for livslang læring, gje moglegheit for kunstnarisk utøving og deltaking i framtidens samfunn.

Eit godt og inkluderande tilbod til alle barn og unge krev at dei tilsette har relevant kompetanse, at det er tilstrekkelege ressursar, og at tenestene samarbeider. For å kunna ta avgjerder som tek omsyn til ulike sider ved barns oppvekst, må me framover samhandla tettare med dei andre kommunalområda i kommunen. Me skal ha arenaer for systematisk tverrfagleg samhandling kor tenestene saman kan bruka sin kompetanse til å utvikla gode oppvekstvilkår i Time kommune.

For å sikra kvalitet i samarbeid og samhandling mellom ulike tenester, brukar Time kommune BTI ([Betre Tverrfagleg Innsats](#)) som verktøy. For å følgja opp samhandlinga på tvers, bruker me prosessverktøyet SAMSON ([Samskapande sosial innovasjon](#)).



Me gjer kvarande gode, og me gjer det i lag

Alle barn og unge har lyst på livet, og evne til å meistra det

Mål 1: Ulike profesjonar samhandlar jamleg for å utvikla forebyggande tiltak

Tiltak:

- Auka fysisk nærvær av PP-tenesta og helsesjukepleiar for samarbeid om barn og unge i barnehage og skule.
- Auka ressurs til operativ sosialfagleg ressurspersonar (OSR) i skulane.
- Barnevernet sine nettverkskontaktar skal bidra til auka samarbeid med barnehage, skule og helsestasjonstenestene.
- Det skal opprettast ein arena i barnehagane for jamleg tverrfaglege samskaping mellom profesjonar på førebyggande nivå.
- Felles kompetanseheving på tvers av profesjonar ved behov.
- Overgangsplanen mellom ulike nivå er aktivt i bruk.
- Det blir oppretta eit fast samarbeidsforum med deltakarar frå skule, barnehage og kulturskule.
- Etablerast systematisk samarbeid mellom dei tre kommunalområda på overordna nivå.
- Marte Meo skal vera systematisk i bruk i ulike tenestområde i Oppvekst.

Mål 2: SAMSON-undersøkingar viser score på 80% eller meir på dei ulike indikatorane

Tiltak:

- Faste tverrfaglege team i Oppvekst brukar SAMSON som verktøy for å kvalitetssikra samhandlinga.
- Resultata frå SAMSON blir følgt opp med tiltak i teamet.

Mål 3: Alle elevane i Time begynner i vidaregåande opplæring eller i jobb etter 10-årig grunnskule

Tiltak:

- Leiinga, saman med personalet i den enkelte verksemda, skal ta utgangspunkt i kunnskapsgrunnlag når ein lagar utviklingsplan/årsplan/verksemdsplan.
- Alle tilsette i Oppvekst skal ha kunnskap om, og bidra inn i arbeidet med pedagogisk analyse og firfotingen som verktøy i tverrfagleg arbeid for utarbeiding av tiltak.
- Flyktningtenesta og Bryne kompetansesenter (BKS) skal ha ein plan for rettleiing av føresette knytt til utdanningssystem og tilhøyrande overgangar i barnehage og skule.

Satsingsområde 3: Inkluderande samfunn

For at alle barn og unge skal ha lyst på livet og evne til å meistra det, treng dei gode opplevingar i eit inkluderande fellesskap. Å delta og vera inkludert i samfunnet er viktige faktorar som bidreg til god livskvalitet og folkehelse. Samfunnet vårt er kjenneteikna av språkleg, kulturell- og sosioøkonomisk mangfald, som gir oss eit rikare fellesskap. Barn og unge skal oppleve å høyra til dette fellesskapet.

Arbeid med inkludering omhandlar i tillegg unge og vaksne som har kome til Time som flyktningar, og gjeld både i opplæring, leik og fritid. Arbeidet må gjerast i samskaping mellom kommune, frivillige lag og organisasjonar for å sikra ein breidde i attraktive og trygge tilbud. Time kommune skal jobba aktivt for å forhindra opplevinga av å stå på utsida av fellesskapet.

Fleire barn og unge skal utvikla seg som del av det ordinære opplæringstilbodet i barnehage og skule. Trend viser at me har ein auke i talet på barn og unge som mottek spesialpedagogisk hjelp. Analyser viser at mange av desse strevar med å vera del av fellesskapet som ei barnegruppe eller ein skuleklasse er. Årsaka til at fleire er sårbare, kan i mange tilfelle handla om forhold knytt til somatisk og psykisk helse. Me skal i dette jobba ut frå kunnskapsgrunnlag som omhandlar inkluderande praksis og moglegheitene som ligg i lovverket. Dette vil me gjera gjennom samhandling internt i Oppvekst, og med andre tenester i Time kommune som t.d. Helse og velferd, NAV, Fritid og frivillige lag og organisasjonar.



Alle barn og unge har lyst på livet, og evne til å meistra det

Mål 1: Trend viser at 9 av 10 fullfører vidaregåande opplæring i perioden

Tiltak:

- Leinga, saman med personalet i den enkelte verksemda, skal ta utgangspunkt i kunnskapsgrunnlag når ein lagar utviklingsplan/årsplan/verksemdsplan.
- Alle tilsette i Oppvekst skal ha kunnskap om, og bidra inn i arbeidet med pedagogisk analyse som verktøy i tverrfagleg arbeid, for utarbeiding av tiltak i barnehage og skule.

Mål 2: Alle barn og unge melder at dei blir sett, høyrte og inkludert

Tiltak:

- Alle tenestene i Oppvekst skal vera med på å dreia ressursar frå individnivå til fellesskapet.
- Skulane og barnehagane skal følge gjeldande føringar gitt i opplæringslova og barnehagelova for å leggja til rette for barn og elevar i fellesskapet.
- Dei ulike einingane bruker utvalde indikatorar i brukarundersøkingar til å følge status og utvikling.
- Etablera miljøteam på skulane.
- Skulehelsetenesta, ungdomsteamet og Familiesenteret er godt kjent og jobbar tett på barn og unge.
- Kommunen sine heimesider inneheld informasjon om inkludering, mangfald og støtteordningar i frivillige lag og organisasjonar.
- Tilsette i kommunen har tilgang på ei oversikt over tilbod frå lag og organisasjonar.
- Kommunen har støtteordningar som legg til rette for at alle kan delta i aktivitetar opplæring på fritida.
- Kulturskulen arbeider systematisk for å sikra inkludering av barn og unge.

Mål 3: 90% av deltakarane i introduksjonsprogram går ut i arbeid eller vidare skulegang

Tiltak:

- Fleire flyktningar får praksis i kommunale tenester.
- Flyktingtenesta og Bryne kompetansesenter (BKS) skal utforma ein felles plan for kommunen sitt integreringsarbeid.

Satsingsområde 4: Oppvekst og digitalisering

Samfunnet blir i stor grad endra og utvikla som følge av den digitale transformasjonen me alle er del av. Dette stiller krav om at kunnskap og kompetanse blir kontinuerleg fornya. Digital kompetanse blir trekt fram som ein føresetnad for å kunna delta i ulike former for læring og utdanning, og for å delta aktivt i arbeids- og samfunnsliv. Viktige ferdigheiter som barn og unge treng er evne til samarbeid, omstilling, kritisk tenking, sjølvregulering, problemløysing og kreativitet. Investering i menneske sin kunnskap og kompetanse, er eit viktig grunnlag for framtidig velferd og verdiskaping.

Det digitale taktskiftet, automatisering og grøn omstilling, medfører kontinuerlege endringar i arbeidslivet. Arbeidsoppgåver blir endra eller forsvinn, og blir erstatta og supplert av ny teknologi. Kunstig intelligens (KI) er i startgropa av kva det kan koma til å bli, og ein ser allereie nå at det er svært viktig å følgja med i utviklinga. Yrker forsvinn, og andre dukkar opp. Rask omstilling er den nye normalen og stiller nye krav til arbeidsplassar, barnehagar, skular og høgare utdanningsinstitusjonar.

Digital teknologi er ein sentral del av barn og unge sitt liv. Det grip inn i deira identitetsutvikling, sosiale og faglege utvikling, helse og trivsel. Mange er bekymra for den negative påverknaden sosiale medium har på barn og unge, og på samfunnet. Hatefulle ytringar og falske nyheiter er ein aukande trussel mot vårt demokratiske samfunn, og er i høg grad ei utfordring som må handterast både i foreldrerolla og innan utdanningssystemet. Den digitale verkelegheita og sosiale media kan ikkje lenger bli sett på som ein avgrensa del av barn og unge sitt liv, den er ein del av den verkelegheita me alle lever i.



Barn og unge er aktive konsumentar av program, spel og sosiale arenaer på nett. Informasjonstilgangen er svært omfattande, og det er viktig at tilsette og foreldre har kompetanse som omhandlar kritisk tenking og etisk refleksjon rundt eigen og andre si digitale åtferd.

Tenestene i Oppvekst, saman med foreldre, har eit særleg ansvar for at barn og unge utviklar evne til kritisk tenking og til aktiv deltaking som medborgarar i samfunnet. Oppvekst har både formelle og moralske krav og forventningar knytt til dette. Me skal ha god kompetanse på området, og leggja til rette for å gje barn kunnskap og kompetanse innanfor feltet.

Alle barn og unge har lyst på livet, og evne til å meistra det

Mål 1: Barn, unge har tilgang på gode digitale verktøy og trygg infrastruktur som er tenlege i samtida

Tiltak:

- Følga opp overordna plan for innkjøp og rullering av utstyr for tenestoområda i Oppvekst.
- Innkjøp og bruk av programvare er i tråd med personvernforordninga (GDPR).
- Kompetanseheving av alle i Oppvekst knytt til personvern og sikkerheit.
- Programvare som bli brukt for lagring og deling av informasjon, skal så langt som råd vera compatible.
- Føresette skal ha kunnskap om og innsikt i kommunen sin praksis.

Mål 2: Barn og unge har aldersadekvate digitale ferdigheiter i tråd med rammeplanar for barnehage og SFO, og læreplan for grunnskulen

Tiltak:

- Det skal gjennomførast analyse og utarbeidast oversikt i alle tenestene på kva kompetansebehov som trengst for å oppfylle krav i forskrifter og lovverk.
- Alle einingane skal sikra at eigen kompetanseplan tek i vare behov ut frå analyse.
- Føresette skal ha kunnskap om og innsikt i grunnlaget for digital praksis i einingane.

Mål 3: Barn og unge sin kvardag i leik og læring balanserer mellom fysisk, analog og digital aktivitet

Tiltak:

- Tilsette i Oppvekst planlegg slik at aktivitetar i løpet av ei veke balanserer det fysiske, analoge og digitale.



Me gjer kvarande gode, og me gjer det i lag

Satsingsområde 5: Rekruttera og behalda

I Oppvekst jobbar ein tett på barn, unge og familiarne deira. Kvaliteten på møta mellom menneska er viktig for kvaliteten på tenestene. Tilsette i Oppvekst er nøkkelen for å sikra visjonen “Alle barn og unge har lyst på livet og evna til å meistra det”. Det er difor avgjerande at leiarar og tilsette har den kompetansen som trengst for å møta og ivareta behova til barn, unge og familiarne.

I dagens samfunn er det låg arbeidsløyse og konkurranse om arbeidstakarane. Dette gjer det utfordrande for Time kommune å rekruttera og behalde leiarar og tilsette som skal sikra eit godt tilbud til barn og unge. Andre forhold som verkar inn er økonomiske rammer, endringar i demografisk samansetting, og høge krav og forventningar til kvaliteten på tenestetilboda. Dette medfører at Time kommune må ha konkurransedyktige tiltak, som sikrar tilgang på nødvendig kompetanse.

Time kommune sin visjon er «Trygg og framtidsretta». Dette inneber mellom anna at me løyser nye utfordringar på nye måtar som har forankring i forskning og evidens.

Time kommune legg vekt på å rekruttera kvalifisert arbeidskraft, jobba systematisk for å behalda leiarar og tilsette over tid, og sikra at leiarar og tilsette får moglegheit til kompetanseutvikling. Eit godt omdømme trekker til seg gode folk, som igjen skapar gode tenester. Moglegheit til karriere og utvikling i yrket, vil vera viktig for å halda på leiarar og tilsette, og vil gjera Time kommune til ein attraktiv arbeidsgjevar. Leiarane har ei viktig rolle med å sikra eit godt arbeidsmiljø, trivsel og utviklingsmoglegheiter for den enkelte tilsette. Gode rammevilkår og ressursar til leing er sentralt for å ivareta desse oppgåvene.

Dei nytilsette/nyutdanna er ei arbeidstakargruppe som er særleg utsette for skifte av arbeidsplass. Det er difor nødvendig at Time kommune som arbeidsgjevar har gode system som sikrar ein god oppstart for denne arbeidstakargruppa, og bidreg til at gode folk blir verande.



Alle barn og unge har lyst på livet, og evne til å meistra det

Mål 1: Alle tenestene skal ha kvalifisert personell i stillingar

Tiltak:

- Kontinuerleg tilbod om kompetanseheving, ut frå reelle behov i verksemda og økonomiske vilkår, utforma i tråd med sektorane sine kompetanseplanar.
- Legga til rette for master i leing for verksemdsleiarar .

Mål 2: Personalutskiftinga i den enkelte verksemda er lågare enn 5% over ein periode på 3 år

Tiltak:

- Utvikla eit overordna system for å ta i mot og behalda nyutdanna og nytilsette i Oppvekst.
- Avklara moglege tiltak for å sikra at tilsette har ønske om å stå lengst mogleg i stillinga si.
- Sikra ressurs til leing i tråd med oppgåver.

Mål 3: Gjennomsnittsscore på 4,5 på medarbeidarundersøkinga (10 Faktor)

Tiltak:

- Alle verksemdene skal ha en plan for å sikra gode og inkluderande arbeidsmiljø som fremmar trivsel.

Mål 4: Fleire kvalifiserte søkarar enn stillingar

Tiltak:

- Alle verksemdene i Oppvekst legg til rette for studentar, lærlingar og lærekandidatar.
- Ha støtteordningar for å rekruttera kvalifisert personell i særleg utsette stillingar.
- Utvikla og ta i bruk ein omdømmestrategi for å synleggjera arbeidet i verksemdene.
- Driva med aktiv marknadsføring på sosiale media (SoMe) knytt til omdømmebygging.

